



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 10.09.2015
Vår ref.: 2015/7739-3
Saksbehandlar: eligolt
Dykkar ref.: «REF»

Konsortium for e-media i biblioteka i Hordaland

Sidan 2013 har folkebiblioteka i Hordaland (utanom Bergen) vore organisert i eit konsortium for felles teknisk utlånsløysing og felles samling av e-media. Avtalen mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket går ut ved årsskiftet, og fylkesbiblioteket ønskjer å inngå nye avtaler med biblioteka om å halde fram med konsortiet. Sjå vedlagde kontrakt.

Fylkesbiblioteket er i gang med førebuingar til eit anbod på utlånssystem for e-media i biblioteka i Hordaland. Avtalen med Biblioteksentralen om BS Weblån går ut like over nyttår. Då vi gjekk inn i avtalen, hadde vi ei intensjonskunjgjerung og ikkje eit fullstendig anbod. Vi meiner derfor at det no er riktig å vurdere utlånssystema på marknaden grundigare i eit anbod, slik at vi kan vere sikrere på at vi har den beste tekniske løysinga for utlån av E-bøker på biblioteka i Hordaland.

Med atterhald om budsjetthandsaming i Hordaland fylkeskommune, vil fylkesbiblioteket betale installasjons- og overføringskostnader dersom det blir aktuelt å skifte leverandør, driftskostnader vil tilkome kvar einskilde bibliotek slik som no. Frå og med 2016 må biblioteka også vere med på å spleise på den felles samlinga i konsortiet. Vi legg inn eit krav om at biblioteka set av 3% av mediebudsjettet sitt til e-media. Vi oppmodar derfor alle biblioteka til å legge inn ei auke i mediebudsjettet for 2016, med grunngjeving om innkjøp av e-media.

Før fylkesbiblioteket legg ut eit anbod, må vi vere viss på at alle biblioteka framleis ønskjer å delta i konsortiet. Vi må også vere viss på at vi har eit mandat frå dykk til å gjennomføre eit anbod på dykkar vegne. Vi ber derfor om at de snarast, og innan fristen 24. september skriv under og returnerer vedlagde avtale som stadfestar at de framleis ønskjer å vere med i eit konsortium for e-media i biblioteka i Hordaland, ut frå dei føresetnader som er skissert. Skriv kontrakten ut i to eksemplar, og returner den eine i underskriven versjon per post eller som e-post i skanna vedlegg til fylkesbiblioteket.

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Elin Golten
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.